

Klima og ressursforvaltning

-ta samfunnsansvar lokalt for å nå FN-berekraftsmål.


-leggje til rette for at innbyggjarane kan ta miljøbeviste og berekraftige val i kvardagen.

-påverke sentrale politikkarar for å øymerke midlar til ei naudsynt oppgradering av Fv-355 og dei andre fylkesvegane i kommunen.

-forvalte kommune sine kraftinntekter på ein berekraftig måte som skapar vekst og utvikling slik at ein sikrar kommande generasjonar.

-NEI til storstilt nedbygging av urørt natur.

-forvalte den ressursen som ligg i kvar einskild innbyggjar og fokus på førebygging av utanforskap.



Tretoppvegen i Hamaren aktivitetspark. Foto: Anders Bergsland

Bulyst og innbyggjartenester

- treåring prøveprosjekt med gratis sunn skulemat til elevane i grunnskulen som eit tiltak for å motverke auka sosioøkonomiske skilnader.

-treåring prøveprosjekt med kokk i barnehagen.

-sikre og prioritere gode tenester til innbyggjarane frå 0-100, levert av ein utviklande og raus kommune med fokus på kompetanse og den einskilde sitt behov.

-stimulere til at kommunen har interessant, kompetansebringande, rause og inkluderande arbeidsplassar med rom for den einskilde.

-leggje til rette for utveksling av kommunal kompetanse og hospitering på tvers av kommunegrenser i Vest-Telemark .

Prioritere omsorg til eldre og ta i bruk ny velferdsteknologi slik at ein sikrar ein verdig alderdom.

-stimulere til auka aktivitet for å få opp bustadmarknaden i kommunen.

-stimulere til auka busetting på attraktive tomter og støtte aktivitet i grendene.

-styrke og oppretthalde kultur og aktivitetstilbodet til barn og unge saman med frivillige lag, organisasjonar og kyrkja.

-vere ein pådrivar og lagspelar inn mot kultur og aktivitetar for innbyggjarar frå 0-100 år.

-oppretthalde tilbod om skyss heim frå klubben.

-opprette middagskjøkken i sentrum for grendefolket i tida mellom skule/ arbeid og fritidstilbod (Gardar).

-årleg velkomstfest og fadderfamilie for alle innflyttarar. Velkomstgåve til alle innflyttarar med årskort på kino og symjebasseng.

-blomehelsing ved nyfødde førsdølar til dei som «produserar» framtida vår.

-inkluderingskafe og singeltreff på Frivillighetssentralen


-ungdomslos for alle born med anna morsmål en norsk. Årleg internasjonal-matfest på samfunnshuset for å feire mangfaldet av nasjonalitetar i bygda.

-aktiv promotering av kva Fyresdal har å by på for dei som «snusar på det gode liv på landet» ved å vere synleg for dei unge på 2.dagsfest og oppsøke studiestader.

Landbruk, næringsliv og reiseliv

- satse på grønn og berekraftig næring.
- satse på eksisterande tradisjonelt landbruk og stimulere til nytenking innanfor landbruk med ulike driftsformar.
- stimulere til auka lokal matproduksjon og samlokalisere utsal i sentrum retta mot turistar og fastbuande.
- stimulere til auka aktivitet og busetting på dei mange gardane og småbruka i kommunen.
- sikre at framtidige generasjonar kan drive næring på noverande landbruksareal i framtida.
- vere ein pådrivar for langsiktig forvaltning av naturressursar og beiteareal.
- vere løysingsorientert, handlekraftige og innovative i møte nye og etablerte bedrifter på Molandsmoen og andre stader i kommunen.
- stimulere og motivere Folkestadbyen til vidare utvikling.
- stimulere til at fleire vil skape sin eigen næringsverksemd og arbeidsplass.
- sette tydelege grønne premisser for nyetableringar.

- vere ein pådrivar i naturbasert reiseliv .
- vere ein pådrivar for vekst i ny og etablerte turistnæring i kommunen.
- bygge merkevara Fyresdal og Hamaren aktivitetspark i lag med bedrifter, kultur og eldsjeler
- lage attraktive stoppestader ved Fv-355 Tjønnefoss- Krossli for å skape opplevingar.
- treårig prosjekt med jolemarknad med kulturopplevingar i Øyskogen og Folkestadbyen.



Utsyn frå Sundsli i sør mot Fyresdal sentrum i nord.
Foto: Anders Bergsland

Partiprogram for Fyresdal Senterparti - kommunevalet 2023.

